

Utvikling av berekraftsindikatorar i Vestland

Forfattarar: Karen Louise Nybø, Frøydis Ones og Marthe Rosenvinge,

Dato: 21.05.2025

Utarbeid: Aug 2024 til mai 2025

Versjon: #1

1 Formål

Vestland fylkeskommune har etter utviklingsplanen av 2020-2024 og 2025-2028 arbeidd med indikatorutvikling internt. Arbeidet har utvikla seg over tid, og er no modent for å presenterast offentleg.

Dette dokumentet beskriv metodikken for utvikling av berekraftsindikatorar. Målet er å gi innsikt i prosessen bak val av indikatorar, datagrunnlag og visualiseringa, slik at løysninga i «Power BI» er gjennomsiktig, etterprøvbar og brukarvennleg. Indikatorane skal vere relevante og forståelege for avgjerdstakar og saksbehandlarar, metodisk robuste og transparente, og reproduserbare og samanliknbare over tid.

1.1 Definisjonar og avgrensingar

- **Berekraft:** I denne konteksten viser omgrepet til ein heilskap av økonomisk, miljømessig og sosial berekraft. Ønska utvikling skal då imøtekomme «dagens behov utan vidare å øydelegge moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekkja sine behov».¹
- **Berekraftsmodell:** Vestland nyttar Stockholm Resilience centre sin berekraftsmodell, som framstiller samanhengen mellom berekraftsdimensjonane og tilhøyrande berekraftsmål som ei «bryllupskake» med tre nivå.²
- **Indikator:** Ein kvantitativ eller kvalitativ målbar størrelse som reflekterer status eller utvikling, i denne samanhengen samfunnsutvikling og ulike dimensjoner av berekraft.³

2 Oversikt over indikatorane

Indikatorane er samla på eit overordna nivå i eit dashboard i [Power BI](#) (lenke). Under informasjonsfanen går fram kva satsingsområde i utviklingsplanen indikatorane er knytt til, berekraftsdimensjon, kjelde, eining, datagrunnlag, med meir. Vi deler også gjerne Excel-fila på førespurnad.

3 Kontekst og rammeverk

- **Berekraftsmål:** Indikatorane er utvikla med referanse til relevante berekraftsmål (til dømes FN's SDG-er, EUs taksonomi, standardar).
- **Utviklingsplanen:** Indikatorane er knytt til måla i utviklingsplanen i Vestland (UVPL 2025-2028). Ved å berre bruke indikatorar på samfunns- og effektnivå i målhierarkiet⁴ får vi eit

¹ Verdenskommisjonen for miljø og utvikling, 1987, s.42, eiga omsetting til NN.

² Se meir frå Stockholm Resilience centre her:

<https://www.stockholmresilience.org/research/research-news/2016-06-14-the-sdgs-wedding-cake.html>

³ SNL: https://snl.no/indikator_-_samfunnsvitenskap

⁵ SNL: https://snl.no/m%C3%A5l_-_prosjektledelse

meir presist og strategisk bilde av korleis Vestland og kommunane følgjer opp denne. Forhold knytt til verksemdstyring er derfor ikkje ein del av arbeidet.⁵ Det har også vore viktig å identifisere indikatorar som måler korleis kommunane gjer det, ikkje berre fylket samla sett.

- **Taksonomi:** Vi har nytta SSB sin klassifiseringsmodell, der indikatorar og indikatorsett til berekraftsmåla kan sorterast. Modellen gjer det enklare å måle eiga innsats i berekraftsarbeidet.⁶
- **Konseptfaserapport:** Det er gjennomført eit konseptarbeid. Vi har nytta innspel som kom inn gjennom dette, til dømes behovsanalyse og interessentarbeid.
- **Målgruppe:** Leiarar, berekraftsansvarlege, analytikarar og saksbehandlarar i kommunar, næringslivet, organisasjonar med meir.
- **Rapporteringshyppigheit:** Kjeldene frå SSB oppdaterast automatisk når nye data vert publisert. Resten vil oppdaterast manuelt årleg, med neste oppdatering våren 2026.

4 Indikatorutvikling

Kriterium vi har lagt til grunn for utval av indikatorane:

- Kommune er lågast målte geografiske nivå,
- effektnivå i målhierarkiet,
- høg datakvalitet,
- oppdaterast minst årleg,
- allereie samlast inn gjennom rapportering eller offentleg statistikk,
- sikrar samanliknbarheit mellom kommunar, fylkar, og over tid.

Frå før var vi oppmerksam på eit relevant arbeid i KS sitt berekraftsnettverk, som Vestland kommune (VLFK) har deltatt i. Arbeidsgruppa tilknytt KS har utarbeidd eit sett med indikatorar.⁷

Utkastet frå VLFK er i stor grad basert på arbeid med indikatorar i gruppa tilknytt KS. For VLFK sin del har vi valt å behalde nær alle indikatorane i forslaget frå arbeidsgruppa i KS, slik at det framleis er samanliknbart. Vi har tatt frå ein og lagt til nokre indikatorar for å sikre at vi har dekt alle måla i UPVL.

4.1 Operasjonalisering

Indikatorane vi har valt ut byggjer på data som var tilgjengeleg på tidspunktet indikatorsettet vart utvikla (hausten 2024/våren 2025). Kjeldene som nyttast, har i hovudsak data frå 2024 og 2025. Indikatorar vil aldri vere ein fullgod operasjonalisering, men desse er det beste alternativet vi har identifisert. Indikatorane kan gjerne, men særleg på samarbeidsmålet, supplerast med kvalitativ omtale av kommunen eller fylkeskommunen sitt eige arbeid med samarbeid og samarbeidskultur.

⁵ For kommunar eller andre som er interessert i indikatorar på verksemdnivå, kan ein gjerne kombinere vårt indikatorsett med til dømes en frivillig rapporteringsstandard for virksomheter som ikke trenger å rapportere etter EUs CSRD: <https://nsrs.eu/> Dette kunne for eksempel fungert som vedlegg til årsmeldingen, slik flere private virksomheter har begynt med. Det er mange kriterier, men poenget er at man skal velge det som er vesentlig. En kan da rapportere på sosiale aspekt sammen med miljø og overordnet på økonomi.

⁶ SSB, Notater 2021/03. Taksonomi for klassifisering av indikatorer til bærekraftsmålene, lenke: <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/artikler-og-publikasjoner/taksonomi-for-klassifisering-av-indikatorer-til-baerekraftsmalene>

⁷ Lenke til KS: <https://www.ks.no/fagomrader/baerekraftsmalene/maling-kartlegging-og-analyse-av-baerekraft/>

4.1.1 Kopling til måla i utviklingsplanen

Vestland manglar eit indikatorsett knytt til dei fire overordna satsingsområda i UPVL. Vi starta derfor med å kople satsingsområde i utviklingsplanen med indikatorar i lista til gruppa tilknytt KS. Også for å gjere indikatorane meir relevante for den unike settinga i regionen.

Lista til KS har hatt som mål å fokusere på effekt- og samfunnsgevinstar. Det blei derfor klart at samarbeidsmålet ikkje var like godt dekket.

Det var også litt tynt på målet om velferd og verdiskaping, kor det er færre økonomiske indikatorar i forslaget frå KS-arbeidsgruppa. For å identifisere indikatorar som betre operasjonaliserer måla har vi mellom anna undersøkt eksisterande indikatorsett som er utvikla i VLFK, til dømes dashboard til samferdsle, grøn region Vestland, klima-dashboardet, folkehelsebarometeret, og verksemda si interne rapportering. Vi saknar spesielt ein indikator som måler grøn omstilling av næringslivet, etter inspirasjon frå «Grøn region Vestland» sitt dashboard.⁸ Om ei næring eller verksemd er «grøn» har per i dag ingen klar definisjon, ettersom ein til dømes kan drive med grøn omstilling også i oljenæringa. Vi er derfor i gang med eit eige arbeid for å sjå nærare på korleis dette kan operasjonaliserast, og håper å få det med i neste års oppdatering.

4.1.2 Meir om indikatorar for operasjonalisering av samarbeidsmålet i UPVL

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring skriv at samordning «kan ha mange former og kan handle om ulike oppgåver ut frå kva ambisjonsnivå du har. Verkemidlane spenner frå formelle styringsverkemidlar som bruk av regelverk og budsjett til å skape møteplassar og utvikle relasjonar.»⁹

Samfunnsmålet i UPVL legg til grunn at samarbeid har ein verdi i seg sjølv. Ein måte å operasjonalisere samfunnseffekten av manglande samarbeid er at mottakarane av tenestene opplever disse som lite koordinerte. Ein kan til dømes sjå på kvalitet i samhandlinga ved å sette brukaren i sentrum, kor ofte ein koordinerer internt/eksternt, og kor ofte ein nyttar brukarinvolvering og medverknad, og at ein har strukturar og rutinar for samarbeid internt og på tvers. Det er ei rekke gode kjelder som måler innbyggaren sin tillit til fylket og kommunane sine tenester, politikarar, institusjonar, moglegheit for medverknad, innovasjon og omfanget av privat/offentleg samarbeid. Ei gjentakande utfordring, er at det som er innsamla av data og register ikkje er tilgjengeleg på kommunenivå, eller er samla inn og er eigd av private aktørar.

På grunn av datamangel er indikatorane vi har valt ut òr ikkje fullstendig dekkande for samarbeidsmålet. Dei må derfor tolkast og brukast med varsemd. Indikatorane seier likevel noko om korleis tenestene vert opplevd av brukaren, og om brukaren opplever dei kommunale og fylkeskommunale tenestene som brukarorienterte. I tillegg har vi tatt med ein indikator som måler samarbeid frå organisasjonsdatabasen, ettersom det bidrar til å seie noko om kor open og involverande ein fylkeskommune er. Diverre er ikkje denne tilgjengeleg på kommunenivå, men vi har likevel vald å ta den med.

4.2 Utvikling, oppdatering og vedlikehald

Aktivitet	Frekvens	Ansvarleg
Datakvalitetssjekk	Kvartalsvis	Power BI-ansvarleg i analyse-faggruppa
Oppdatere nyaste data i Power BI	Automatisk	Power BI-ansvarleg i analyse-faggruppa
Mindre revisjon av indikatorar	Årleg	Seksjon plan, klima og analyse, NPI

⁸ Lenke til dashboard: [Dashboard – Grøn Region Vestland](#). Her er «Nye grønne jobber» definert som nye arbeidsplasser i bransjene sjømat, havbruk, grøn skipsfart, batteriar, CCSU/CCS, havvind, hydrogen, grønne metallar og bioøkonomi, henta frå SSB tabell 13470.

⁹ Lenke til DFØ: [Samordning i DFØ](#), eiga omsetting til NN.

Større oppdatering knytt til nye mål i ny utviklingsplanen	Hvert 4. år	Seksjon plan, klima og analyse, NPI
---	-------------	-------------------------------------

5 Vedlegg

1. Lenke til dashboard i [Power BI](#) (lenke)
2. Dokumentasjonen finnast også i ein Excel-fil. Av naturlege orsakar publiserast ikkje denne ope på internett, men kan sendast på førespurnad.